

**Møteprotokoll  
for  
Utvida plan- og kommunaltekniske utval i samband med KPA**

**Møtedato:** 21.06.2023  
**Møtestad:** Heradsstyresalen  
**Møtetid:** kl. 16:00 - 18:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Aksel Mjøs	H	Utvalsleiar
Alf Terje Mortensen	FRP	Medlem
Kari Laurhammar Mjøs	KRF	Medlem
Kjellaug Hartveit	SP	Medlem
Kjersti Ingolvsdotter Vevatne	V	Medlem
Øyvind Litland	AP	Nestleiar

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Marit Adelsten Jensen	MDG	Medlem
Roy Håkon Jenssen	SV	Medlem

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte: politisk-adm.sekretariat**  
Arnstein Øvsthus, Pelle Engeseter, Terje Kallekleiv

---

## Sakliste

Saknr	Tittel
001/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/23	Godkjenning av møtebok
003/23	Referatsaker og meldingar
004/23	Andre saker/spørsmål

### **001/23: Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

**Innkalling og sakliste vert godkjent.**

### **21.06.2023 UTVIDA PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL I SAMBAND MED KPA**

Det var ingen representant frå MDG.

Det var ingen representant frå SV.

---

Møte vert ikkje streama per dd, møte er rekna som ope jf. Kommunelova §11.

Alf Terje Mortensen, FRP, varsla spørsmål vedk. køyreplan og prinsippavklaringar.

Kjersti Vevatne, V, varsla spørsmål vedk. areal til kommunale føremål og framdrift.

Det var ingen merknadar til innkalling og saksliste

#### **UPL - 001/23 VEDTAK:**

**Innkalling og sakliste vert godkjent.**

---

### **002/23: Godkjenning av møtebok**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

**Møteprotokoll frå vert godkjend.**

### **21.06.2023 UTVIDA PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL I SAMBAND MED KPA**

Det var ingen møtebok til godkjenning.

#### **UPL - 002/23 VEDTAK:**

**Det vert ikkje gjort noko vedtak i saka**

---

## **003/23: Referatsaker og meldingar**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Referatsakene vert tekne til vitande.

### **21.06.2023 UTVIDA PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL I SAMBAND MED KPA**

#### **Rådgjevar på plan, Pelle Engesæter orienterer i RS 1: Kommunedelplanens arealdel - status per 09.06.23**

Per 09.06.23 er det 99 gyldige innspel til KPA i forhold til kriteria som er sett for innspel. Likevel vil ikke alle innspela gå vidare til KU-vurdering, dette av ulike årsaker.

Merknad frå utvalet: Det er ynskjeleg med ei avgrensing av områdesenter, dette er eit fint kriterie å sile på. t.d. 5min med sykkel frå kjernen.

Når det gjeld LNF er det uklart om ein framleis ynskjer LNF-spreidt som ein eigen kategori for innspel. LNF-spreidt må KU-vurderast, signal frå Fylkeskommunen og Statsforvaltaren er at desse bør takast ut.

Terje Kallekleiv, rådgjevar på plan hadde slik kommentar, ei løysing kan vera å utforme kriterier til dispensasjonssaker i LNF-område i staden for å planlegge for LNF-spreidte områder. I dag kan det vera utsynlig kva som er kva og dette kan løysast med retningslinjer til LNF-områder.

Utvalet hadde slik merknad: Er det mogleg å hente inn råd frå Statsforvaltaren på korleis dette er gjort i andre kommunar og korleis det kan løysast på best måte i forhold til deira vurderingar?

---

Felles gjennomgang av innspela, innspel i område 1-5 vert vurdert denne gongen

Utvalet rår til at desse innspela bør vera med vidare til KU-vurdering i tillegg til plan sine eigne vurderingar:

202 - Kvisti

308C - Flatevad og sammenfallande innspel

402 - Bergabøen

510 – Borge

Utvalet hadde slike merknader til desse innspela:

203 - Åsheim, kulturminne?

208 - Haus sentrum, kan det vurderast å ha denne med sjølv om gangveg i utgangspunktet ikkje er med?

211 - Mjeldalen, rettelse, er avsatt til næring i gjeldande KPA

514 - Loftås, her må ein sjå på tilkomst til idrettsanlegget, den stripa som er sett av til grøntområde må vurderast omgjort til veg.

---

Utvalet ynskjer at det vert sendt eit vurderingsframlegg til Heradsstyret, her må det kome fram kva innspel som går vidare og kva innspel som er sila vekk.

---

**Rådgjevar på plan, Terje Kallekleiv orienterer i RS 2 - Kommunedelplanens arealdel, vurdering av reguleringsplanar**

Utgangspunktet for kriteria er utarbeidd saman med forvaltning og plan.

Fleire reguleringsplanar fungerer ikkje slik som tiltenkt, tiltaket har gjerne stoppa opp og arealbruken vert låst, nokre av reguleringsplanane er overlappa av nyare reguleringsplanar og andre er dekka av KPA.

---

Felles gjennomgang av reguleringsplanane, punkt 1-24 vert vurdert denne gongen

Utvalet rår til at desse reguleringsplanane bør vurderast nærmere:

504-27 - Haus sentrum, del sør

Utvalet hadde slike merknader til desse reguleringsplanane:

504-63 - Hosanger sentrum, med tanke på trafikksikring er det hensiktsmessig å oppheve planen?

**UPL - 003/23 VEDTAK:**

**Det vert ikkje gjort noko vedtak i saka**

---

**004/23: Andre saker/spørsmål**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

**21.06.2023 UTVIDA PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL I SAMBAND MED KPA**

Alf Terje Mortensen, FRP, hadde slike merknader:

Det er vedteke ein framdriftsplan for arbeidet av HS. Den er me nok havna litt på utsida av no då den var ambisiøs på tid og me skulle sikkert revidert den.

Det andre som gjeld massedeponi (som eigentleg skal heite omsynssone landbruk) er at dersom dei skal takast ut, må i såfall HS avgjere det. me kan derimot vurdere områda og la dei være med vidare men med endra føremål.

---

Kjersti Vevatne, V, hadde slike spørsmål:

Areal til kommunale føremål, dette må ein sjå nærmare på. Det er ynskjeleg å ha ein gjennomgang av areal som er sett av til offentlege føremål. Her må ein utfordre etatane på å kome med innspel.

Osterøy kommune har ikkje kome med einge innspel til arealbruk, dette burde vore gjort tidlegare i prosessen.

Er det mogleg å seie noko om framdrift mellom plan for kultur- og miljø og planen for naturmangfold?

---

Rådgjevar på plan, Pelle Engesæter noterer seg dette til eit seinare møte.

**UPL - 004/23 VEDTAK:**

**Det vert ikkje gjort noko vedtak i saka**

---

Til å skriva under møteprotokollen saman med utvalsleiar vart desse valde: Alf Terje Mortensen og Kjersti Vevatne

Lonevåg, 22.06.2023

Hilde Revheim Sture  
Sekretær